

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
048/17	Formannskapet	PS	15.06.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - K21	17/317

Strandryddinga i Austrheim- Kostnadar med transport av friviljuge og plastavfall

Vedlegg:

Aksjonsplan 2017, Austrheim kommune

Dokument1

Strandrydding i Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

Formannskapet løyver opptil kr. 50.000 til opprydding av strendene i Austrheim kommune. Løyvinga er til dekking av utgifter som organisasjonen Neptun har i samband med transport av born/elevlar til oppryddingstader, og til dekking av faktiske utgifter med transport med båt av plast/avfall til kai. Kostnadar kr. 50.000 vert dekkja frå post 13 149038011905, tilleggsløyving formannskapet. Revidert godkjent rekneskap skal leggjast fram innan år 2017 frå organisasjonen Neptun pensjonistklubb. Formannskapet viser elles til rådmannen sine vurderingar i saka.

Formannskapet - 048/17 - 15.06.2017

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS vedtak:

Formannskapet løyver opptil kr. 50.000 til opprydding av strendene i Austrheim kommune. Løyvinga er til dekking av utgifter som organisasjonen Neptun har i samband med transport av born/elevlar til oppryddingstader, og til dekking av faktiske utgifter med transport med båt av plast/avfall til kai. Kostnadar kr. 50.000 vert dekkja frå post 13 149038011905, tilleggsløyving formannskapet. Revidert godkjent rekneskap skal leggjast fram innan år 2017 frå organisasjonen Neptun pensjonistklubb. Formannskapet viser elles til rådmannen sine vurderingar i saka.

Saksopplysninger:

Organisasjonen Neptun pensjonistklubb gjer eit stor arbeid med strandrydding i Nordhordland. Dei fekk avslag på sin forventa søknad om støtte frå Miljødirektoratet til dette ryddearbeidet. Søknaden deira dit var på 463.500 kroner (vedlagt). Miljødirektoratet valde å gje om lag 1/3 av midlane sine

øyremerka til dette føremålet til heilt andre prosjekt enn praktisk strandrydding. Austrheim kommune har gjeve økonomisk støtte til Neptun med det praktiske arbeidet med transport av friviljuge strandryddarar, og transport av boss/plast til avtalte mottak ved kaiar her. Neptun har større økonomiske utgifter til dette transportarbeidet no. Det er særleg båten Evjegriss med avfall om bord, og transport av born/elevar med Fønnes Båtservice AS sine sertifiserte passasjerbåtar som er hovudkostnaden i arbeidet. I tillegg kostnadar med bensin/diesel med sine friviljuge mannskap med sine mindre båtar. NGIR tek seg av avfallet frå land og til Kjevikdalen og tek kostnaden med dette hit og vidare. Det er store mengder plastavfall som no vert frakta vekk frå strenden våre, det er mange hundre tonn.

Det er til dekking av ein del utgifter til transport av friviljug mannskap og plast/boss frå strendene våre organisasjonen Neptun treng støtte til. Det praktiske dugnadsarbeidet er gratis. Aksjonen til organisasjonen Neptun er truleg den største i Norge i friviljug strandrydding. Tidleg i april starta Neptun Pensjonistklubb, i tett og godt samarbeid med Austrheim kommune og NGIR, arbeidet med eit stort ryddeprosjekt i strandsona. Og strandsona har Austrheim kommune mykje av. Noko fastland nord på Lindåshalvøya, og i tillegg er det 489 holmar og skjær, til saman 433 km. strandlinje. Neptun har kartlagd dei mest forureina vikane, hovudsakeleg mot Fedjefjorden og Fensfjorden, men og elles rundt omkring i heile Austrheim. Strandområdet har Neptun delt inn i 12 soner, med hovudansvarleg person i kvar sone. Dette opplegget har også andre kommunar i regionen no kopiert.

Neptun har også sett opp ei liste med friviljuge båteigarar for å delta med skyss. Det er eit svært godt engasjement både frå privatpersonar og bygdelag. Me må likevel framheva barnehagar og skulane våre. Begge barnehagane i Austrheim kommune er med på strandryddinga. Begge grunnskulane, både på Kaland og Årås deltek med alle klassane frå 1. til 10. klasse. Heile Austrheim vidaregåande skule vil delta den 22. juni i ein stor og koordinert ryddeaksjon med organisasjonen Neptun.

I tillegg har Knarvik vidaregåande skule på eige initiativ teke kontakt med Neptun, omlag 45 elevar + lærarar var onsdag den 24. mai med på ryddearbeid i Austrheim. Dei vidaregåande elevane frå Knarvik vart då verta skyssa av Fønnes Båtservice frå kaien på Baløy og ut til Rongevær. Der vart dei så skyssa med småbåtar rundt om i øyane.

Austrheim kommune legg ved søknad til Miljødirektoratet og ein oversikt over kva arbeid Neptun gjer saman med barnehagar, grunnskular og dei vidaregåande skulane i Nordhordland. Det er og mange andre lag og friviljuge som samarbeidar med Neptun i dette praktiske strandryddar arbeidet. Neptun har organisasjonsnr. 999163556 og er ein velfungerande organisasjon i Nordhordland. Leiar er Idar Hopland. Medlemmane i organisasjonen Neptun kjem frå dei fleste kommunane i regionen.

Aksjonsplanen til organisasjonen Neptun er vedlagt saka. Der kjem det fram at ved utgangen av juni 2017, vil omkring 700 elevar ha vore i aksjon i Austrheim kommune. Strandryddearbeidet i Austrheim i regi av Neptun pensjonistklubb vil halda fram til hauststormane kjem i oktober 2017. Skrivet som gjekk ut til innbyggjarane i Austrheim kommune den 04.04.2017 ligg og ved saka. Den viser korleis arbeidet vert organisert i kommunen vår.

Vurdering:

Rådmannen er imponert over arbeidet som organisasjonen Neptun pensjonistklubb gjer i Austrheim kommune i samband med strandryddinga. Arbeidet som dette laget organiserer og gjer i eit nært og godt samarbeid med barnehager, grunnskular og vidaregåande skular er truleg det største

dugnadsarbeidet i strandrydding i Norge.

Rådmannen har sett på kor det er mogeleg å finna kommunale midlar til ei støtte til strandryddinga i Austrheim. På post 13 149038011905, tilleggsløyving formannskapet er det eit budsjett på kr. 100.000, men TV aksjonen treng kr. 20.000 av desse og formannskapet har alt brukt kr 30.000 alt til andre føremål. Det er difor kr 50.000 att på denne budsjettetposten. Rådmannen synes det er naturleg at Austrheim kommune løyver restbeløpet på kr. 50.000 til dette strandyddearbeidet. Dette til dekking av utgifter med båttransport av avfall/plast i regi av båten Evjegris, og til drivstoffutgifter som organisasjonen Neptun har med alle sine mindre båtar som deltek i denne ryddeaksjonen. I tillegg er det naturleg etter rådmannen sitt syn at kommunen tek kostnaden Neptun har med leige av Fønnes Båtservice AS sine passasjerbåtar til transport av born og unge til ulike oppryddingstadar langs strendene i kommunen vår.

Dersom Neptun får midlar/støtte frå andre aktørar som til dømes havbrukselskap/NGIR/BOF osv. kan tilskotet frå kommunen verta betalt tilbake. Eit rekneskap til slutt vil få fram kva faktiske utgifter organisasjonen Neptun har hatt med strandyddinga. Rådmannen sitt syn er at organisasjonen Neptun ikkje skal ha faktiske utgifter med dette omfattande dugnadsarbeidet sitt. Rekneskap for utgifter skal leggast fram innan 2017 om tilskotet vert betalt ut direkte til organisasjonen Neptun. Dersom det er enklast for organisasjonen Neptun vil større rekninga for båtlege koma direkte til Austrheim kommune, men då med ei grense opptil kr. 50.000. Likvide midlar har ikkje alltid ein organisasjon som Neptun, og for at ryddeaksjonen skal ha ei god framdrift meiner rådmannen at kommunen tek slike kostnader som kjem framover på denne måten. Rådmannen synes elles NGIR gjer ein framifrå arbeidet med strandyddinga i Nordhordland, dei har god dialog med Neptun i deira ryddearbeid og bistår med alt som er naudsynt for at arbeidet skal verta så effektivt som mogeleg.

Rådmannen rår til at utgifter opptil kr. 50.000 vert dekkja av Austrheim kommune til opprydding av strendene våre. Løyvinga er til dekking av utgifter som organisasjonen Neptun har i samband med transport av born/evevar til oppryddingstader, og til dekking av faktiske utgifter med båttransport av plast/avfall til kai. Kostnadar kr. 50.000 vert dekkja frå post 13 149038011905, tilleggsløyving formannskapet. Revidert og godkjent rekneskap skal leggast fram innan 2017 frå organisasjonen Neptun pensjonistklubb til Austrheim kommune. Dersom Neptun på grunn av andre tilskot går i *overskot* med strandyddearbeidet sitt vert dei kommunale midlane betalt tilbake tilsvarende.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at utgifter opptil kr. 50.000 vert dekkja av Austrheim kommune til opprydding av strendene våre. Løyvinga er til dekking av utgifter som organisasjonen Neptun har i samband med transport av born/evevar til oppryddingstader, og til dekking av faktiske utgifter med transport med båt av plast/avfall til kai. Revidert og godkjent rekneskap skal leggast fram innan 2017 frå organisasjonen Neptun pensjonistklubb til Austrheim kommune.

